

Kunnskapsdepartementet  
postmottak@kd.dep.no

Vår saksbehandler: Åshild Olaussen	Kopi til	Vår dato 29.01.2014	Vår referanse 2008-0015	Deres referanse
---------------------------------------	----------	------------------------	----------------------------	-----------------

### **Høyring - Framlegg til endringar i opplæringslova og privatskulelova**

Unio viser til brev frå Kunnskapsdepartementet av 18. desember 2013 med framlegg til endringar i opplæringslova og privatskulelova.

Unio vil innleiingsvis kommentere høyringsfristen frå departementet. Framlegga vart sendt på høyring 18. desember 2013 med 29. januar 2014 som høyringsfrist. Dette inneber ein høyringsperiode på seks veker, inklusive juleferie. Unio finn det svært uheldig at departementet har redusert høyringsperioden frå tre månader som vanleg, til seks veker. I lys av at departementet har sett seks veker inklusive vinterferie i mange fylke som frist også for høyring om framlegg til dispensasjonsordning i privatskulelova, vil Unio sterkt oppmode departementet om å utvide høyringsfristen til tre månader ved framtidige høyringar. Ein høyringsfrist på seks veker vil forhindre mange av høyringsinstansane frå å kunne gjennomføre ei brei intern høyring med involvering av praksisfeltet.

Framlegga til endring i opplæringslova og privatskulelova inneber:

- Endring av reglane om leksehjelp slik at kommunen/den private skulen sjølv kan avgjere på kva steg i grunnskulen ein skal gje tilbod om leksehjelp
- Oppheving av plikta kommunen/den private skulen har til å gje elevane gratis frukt og grønsaker
- Innføring av ein rett til grunnskuleopplæring og vidaregåande opplæring for ungdom over opplæringspliktig alder som er under 18 år, og som søker om opphaldsløyve

### **Unio har følgjande hovudsynspunkt til framlegga til endring:**

- Unio støttar departementet sitt framlegg om å endre reglane om leksehjelp slik at skuleeigar kan avgjere på kva steg i grunnskulen ein skal gje tilbod om leksehjelp. Vi

meiner samstundes at departementet burde ha tatt initiativ til ein breiare gjennomgang av ordninga med leksehjelp.

- Unio støttar departementet sitt framlegg om å innføre ein rett til grunnskuleopplæring og vidaregåande opplæring for ungdom over opplæringspliktig alder som er under 18 år, og som søker om opphaldsløyve.
- Unio er usamd i departementet sitt framlegg om å oppheve skuleeigar si plikt til å gje elevane gratis frukt og grønnsaker. Vi meiner tvert om at ordninga burde ha vore utvida til å omfatte heile grunnskulen, og at det på sikt bør vere tilbod om eit fullverdig skulemåltid.

Unio viser vidare til eit meir detaljert høyringssvar frå vårt forbund, Utdanningsforbundet, som vi gjer vår tilslutning til.

Vennleg helsing  
Unio



Ingjerd Hovdenakk  
sekretariatssjef



Åshild Olaussen  
seniorrådgjevar